

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 18.06.2025
Vår ref.: 202308554-9 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2022/5495-55

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Tangen, Møsstrond - PlanID 20220002 - Vinje kommune

Vi viser til brev datert 24.04.2025 og e-post datert 10.06.2025. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Tangen, Møsstrond. Føremålet med planarbeidet er å utvikle området ved Møsstrond. NVE har fått utsett frist til 20.06.2025.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs uttale

Flaum

Planområdet ligg ved Møsvatn og [NVE Aktsemdkart for flaum](#) og [kartbasert rettleiing for reguleringsplan nr. 6](#), viser at delar av planområdet kan vere utsett for flaum.

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette går klart fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) (side 12). Planarbeidet må avklare om kravet til sikker byggegrunn er oppfylt for planlagde tiltak.

I høyringa datert 24.04.2025 var [NVE Aktsemdkart for flaum](#) brukt som grunnlag for omsynssone flaum. Det var gitt denne føreseigna til omsynssona:



«4.1.1 Flom (H320)

Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare For alle tiltak innanfor faresone flom (H320) skal nødvendige tiltak treffes for å redusere risiko for skade ved flom. Konstruksjonar og tekniske installasjonar som er sårbare for vatn skal løftast opp over flomnivå eller beskyttast mot skade på annan måte. Ved planlegging av byggetiltak langs sjø, skal ein sikre i tråd med nivået tilsvarande DSBs estimat for stormflo. Denne skal ligge til grunn for plassering og utforming.»

Område LSN1 og 3, «*spredt næringsbebyggelse*», låg i flaumsona.

Når planen opnar for direkte utbygging i eit område som kan vere utsett for flaumfare utan at flaumfaren er avklart, har NVE grunnlag for motsegn.

Etter dialog mellom kommunen og NVE, er 1000-årsflaum (Q1000 -flaum): 920 moh for Møsvatn, lagt til grunn som flaumsikkert nivå i revidert plankart for reguleringsplan for Tangen, Møsstrand. Føreseigna til omsynssona er revidert og det står:

«4.1.1 Flaum (H320) Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare

Byggjetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 er ikkje er tillate i flaumsona (H320). Flaumsona er basert på 1000- årsflaum, flaumsikker sone er over 920 moh. For alle tiltak innanfor faresone flaum (H320) skal nødvendige tiltak treffes for å redusere risiko for skade ved flom. Konstruksjonar og tekniske installasjonar som er sårbare for vatn skal løftast opp over flomnivå eller beskyttast mot skade på annan måte.»

NVEs vurdering er at vi ikkje har grunnlag for motsegn viss planen blir vedteken med revidert plankart og føresegner. Vi føreset at reviderte plandokument blir lagt til grunn.

Byggegrenser mot vassdrag og kantvegetasjon

De bør ikkje leggjast til rette for utbygging tett inn til vassdrag. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring, skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11). Vi viser til NVEs rettleiar 2/2019 om [kantvegetasjon langs vassdrag](#) og [Skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag](#).

NVE gir eit **fagleg råd** om å innføre byggjeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdraget og fastsette breidda på kantvegetasjonen i reguleringsplanen.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen.



Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VINJE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK